



Arkivnr: 2014/20895-3

Saksbehandlar: Brit Mari Heggøy

### Saksframlegg

#### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Valnemnda		14.10.2014
Fylkestinget		14.10.2014

#### Utflytting frå fylket - suppleringsval

##### Samandrag

Jorge Del Pino, Sosialistisk Venstreparti, er registrert som utflytta frå fylket og er slik ikkje lenger valfør til fylkeskommunale verv. Del Pino er varamedlem til fylkestinget og varamedlem til samferdselsutvalet.

Fylkestinget bør foreta suppleringsval til samferdselsutvalet for resten av valperioden. Den ledige plassen i varamedlemsrekka til fylkestinget må fyllast ved nytt valoppgjer i fylkesvalstyret, jfr vallova § 14-2 nr 2.

##### Forslag til innstilling

Som ny varamedlem til samferdselsutvalet vert ..... vald for resten av valperioden 2011 – 2015.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Ingrid Kristine Holm Svendsen  
fylkesdirektør organisasjon

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*

## Fylkesrådmannen, 17.09.2014

Jorge Del Pino, Sosialistisk Venstreparti, er registrert som flytta frå fylket og han er då ikkje lenger valfør til fylkeskommunale verv, jfr. vallova § 3-3 nr 1 og kommunelova § 14.

Del Pino har følgjande verv:

- varamedlem til fylkestinget
- varamedlem til samferdselsutvalet (fellesliste med Raudt)

### **Rettsleg grunnlag**

For å vera valfør til fylkestinget må ein stå innført i folkeregisteret som busett i ein av kommunane i fylket, jfr. vallova § 3-3. Same kravet er stilt for val til m.a. faste utval, jfr. kommunelova § 14 nr. 1. Når ein flyttar ut av fylket, taper ein valførleiken, jfr. kommunelova § 15 nr. 1 som lyder:

*"Den som taper valgbarheten til et folkevalgt organ i valgperioden, trer endelig ut av dette. Hvis tap av valgbarhet skyldes registrert utflytting fra kommunen eller fylkeskommunen for to år eller mindre, trer vedkommende ut av vervet for den tid utflyttingen varer."*

Suppleringsval av varamedlem til samferdselsutvalet er regulert i kommunelova § 16 Opprykk og nyval nr 5 som lyder:

*«5. Er antallet varamedlemmer eller en gruppens varamedlemmer til formannskapet, fylkesutvalget eller et annet folkevalgt organ valgt av kommunestyret eller fylkestinget blitt utilstrekkelig, kan kommunestyret eller fylkestinget selv velge ett eller flere faste eller midlertidige varamedlemmer. Suppleringsvalg skal skje fra den gruppen som har et utilstrekkelig antall varamedlemmer. Viser det seg at denne fremgangsmåten fører til at et kjønn vil bli representert med mindre enn 40 prosent av varamedlemmene til organet eller gruppens varamedlemmer, skal det så langt det er mulig velges nytt varamedlem fra det underrepresenterte kjønn. Myndigheten til å foreta suppleringsvalg til andre organer enn formannskapet eller fylkesutvalget kan delegeres til formannskapet eller fylkesutvalget. 6. Ved suppleringsvalg etter nr. 3 og nr. 5 kan vedkommende gruppe selv utpeke den som skal rykke inn på den ledige plassen. Gruppen underretter deretter kommunestyret eller fylkestinget, som velger vedkommende dersom de lovbestemte vilkår er oppfylt. Tilsvarende gjelder ved suppleringsvalg i henhold til nr. 5 siste punktum".*

Den ledige plassen i varamedlemsrekka til fylkestinget må fyllast ved nytt valoppgjer i fylkesvalstyret, jfr vallova § 14-2 nr 2.